

# Eksamen

Eksamensdato: 24.11.2016

Fagkode: HEA2002

Fagnavn: Kommunikasjon og samhandling

**Programområde:** Helsearbeiderfag Vg2

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Desse kompetansemåla blir vurderte i oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• drøfte kva det vil seie å vere medmenneske, og korleis ein kan fremme samspel mellom menneske</li><li>• drøfte ulike former for kommunikasjon og gjere greie for korleis kommunikasjon kan fremme tryggleik og tillit</li><li>• drøfte korleis ein kan bruke empati for å løyse eller førebygge sosiale problem og fremme psykisk og somatisk helse</li><li>• drøfte rettleiarrolla, og kva det betyr å kunne få rettleiing</li><li>• forklare kor viktig det er med kommunikasjon og samhandling på tvers av tenestene for å oppnå heilskap og samheng i tilbodet til pasientar og brukarar</li></ul> <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• viser fagleg kunnskap og haldningar som er relevante i oppgåvene</li><li>• viser kreativitet i val av løysingar</li><li>• viser ferdigheiter i problemløysing</li><li>• har fokus på brukaren</li><li>• ser helse i eit heilskapleg perspektiv</li></ul>

## **Situasjonsskildring:**

Nora er 51 år, gift, har to tenåringsbarn og ei vaksen dotter. Den eldste dottera hennar ventar barn om nokre månader. Nora er utdanna bibliotekar og er glad i å lese bøker. Ho har heile livet vore glad i friluftsliv og har brukt mykje av fritida si på fjellet, der familien har hytte.

Nora blei for ei veke sidan operert for brystkreft. Planen var brystbevarande operasjon, men under operasjonen bestemte kirurgen seg for å fjerne det eine brystet. Ho er no flytta over til rehabiliteringsavdelinga der du jobbar, og skal etter planen vere her i 3 veker for opptrening. Etter opphaldet her er det planlagt å starte behandling med cellegift. Operasjonen har vore vellukka, og legene seier at ho har gode prognosar for å bli heilt frisk. Nora er redd for at legane tek feil, og er veldig engsteleg for at kreften har spreidd seg. Ho kjenner seg sliten etter operasjonen, har ein del smerter og verkar deprimert og lei seg. Ho tek lite del i felles aktivitetar eller måltid, og isolerer seg frå dei andre pasientane.

Du arbeider i full stilling som helsefagarbeidar på rehabiliteringsavdelinga og skal vere Noras primærkontakt under opphaldet. Under rapporten saman med fysioterapeut og ergoterapeut får du høyre at Nora ikkje ville vere til stades på eit fellesarrangement kvelden før. Ho droppa trening, takka nei til kveldsmat og gjekk tidleg til sengs. Ho verka deprimert og lei seg.

## **Svar på desse oppgåvene ut frå situasjonsskildringa og kompetansemåla i oppgåva**

### **Oppgåve 1**

Forklar og grunngi korleis du kan vere eit medmenneske for Nora, og korleis kommunikasjon kan fremme tryggleik og tillit mellom dykk.

### **Oppgåve 2**

Korleis kan du bruke empati for å førebygge depresjon hos Nora?

### **Oppgåve 3**

Drøft rolla du har som rettleiar for Nora.

### **Oppgåve 4**

Forklar kor viktig det er med eit tverrfagleg samarbeid for at Nora skal oppleve å få eit heilskapleg tilbod.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato på oppgavebesvarelsen.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Følgende kompetansemål blir vurdert i oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• drøft hva det vil si å være medmenneske, og hvordan samspill mellom mennesker kan fremmes</li><li>• drøft ulike former for kommunikasjon og gjør rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit</li><li>• drøft hvordan empati kan brukes for å løse eller forebygge sosiale problemer og fremme psykisk og somatisk helse</li><li>• drøfte veilederrollen, og hva det betyr å kunne motta veiledning</li><li>• forklare betydningen av kommunikasjon og samhandling på tvers av tjenestene for å oppnå helhet og sammenheng i tilbudet til pasienter og brukere</li></ul> <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• viser faglig kunnskap og holdninger som er relevante i oppgavene</li><li>• viser kreativitet i valg av løsninger</li><li>• viser ferdigheter i problemløsning</li><li>• har fokus på brukeren</li><li>• ser helse i et helhetlig perspektiv</li></ul>

## **Situasjonsbeskrivelse:**

Nora er 51 år, gift, har to tenåringsbarn og en voksen datter. Hennes eldste datter venter barn om noen måneder. Nora er utdannet bibliotekar og er glad i å lese bøker. Hun har hele livet vært glad i friluftsliv og har tilbragt mye av fritiden sin på fjellet hvor familien har hytte.

Nora ble for en uke siden operert for brystkreft. Planen var brystbevarende operasjon, men under operasjonen bestemte kirurgen seg for å fjerne det ene brystet. Hun er nå overflyttet til rehabiliteringsavdelingen hvor du jobber, og skal etter planen være her i 3 uker for opptrening. Etter oppholdet her er det planlagt å starte behandling med cellegift. Operasjonen har vært vellykket, og legene sier hun har gode prognoser for å bli helt frisk. Nora er redd for at legene tar feil, og er veldig engstelig for at kreften har spredd seg. Hun føler seg sliten etter operasjonen, har en del smerter og virker deprimert og lei seg. Hun deltar lite i felles aktiviteter eller måltider, og isolerer seg fra de andre pasientene.

Du arbeider i full stilling som helsefagarbeider på rehabiliteringsavdelingen og skal være Noras primærkontakt under oppholdet. Under rapporten sammen med fysioterapeut og ergoterapeut får du høre at Nora ikke ville være til stede på et fellesarrangement kvelden før. Hun droppet trening, takket nei til kveldsmat og gikk tidlig til sengs. Hun virket deprimert og lei seg.

## **Svar på disse oppgavene ut fra situasjonsbeskrivelsen og kompetansemålene i oppgaven**

### **Oppgave 1**

Forklar og begrunn hvordan du kan være et medmenneske for Nora, og hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit mellom dere.

### **Oppgave 2**


Hvordan kan du bruke empati til å forebygge depresjon hos Nora?

### **Oppgave 3**

Drøft veilederrollen du har i forhold til Nora.

### **Oppgave 4**

Forklar betydningen av tverrfaglig samarbeid for at Nora skal oppleve å få et helhetlig tilbud.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)